Klypeposten

Nr. 2 - 2021 Årgang 38 Laussal kr. 40,-

Vintermorgon på Skredkollen med soloppgang over Nordstøldalen.
Foto: Odd Eirik Prestegård

Redaksjonen ønskjer adle lesarane god jul og godt nytt år.

Guds rose

Ein vinterdag på morgonkvisten kom eg ut på trappa i kulden og snøen, og såg ei rose som blømde. Rosa er eit av dei finaste bileta brukt om Jesus. Han kom som Guds rose frå himmelens frodige hage, for å bløma i verdens kulde. Den rosa tok eg med meg på preikestolen julafta.

Rundt juletider knyter me rosa til Betlehem. Der sprang ho ut. Der er eit fint salmevers som me ikkje har i salmeboka lenger. Det er skrive av Jørgen Brochmann og sto i Landstad reviderte salmebok:

En rose er utsprungen
i verdens is og sne,
Skjønt kulden lukker blomster –
hvor kunde det vel skje?

Den hadde rot i himlen,
i lysets varme hjem,
Men knupptung bøyde grenen
seg ned ved Betlehem.

Me tenkjer først og fremst på rosa som noko vakkert, kanskje verdens vakraste blom. Sjølv hellar eg mot det. Men no forstår me og at rosa er sterk. Ho tåler mykje , også verdens frost og kulde.

Svein Ellingsen har og skrive ein salme om rosa. I eit par vers står det:

Den blomstret i Betlehems vinter,
Den blomstret i Nasarets vår,
Den blomstret som flammer i torner
I Golgatas blødende sår.

Å brennende rose som blomstrer
I kulde og smerte og savn,
Å hellige tegn på jorden,
Guds kjærlighet er dens navn.

Slik blir rosa og eit teikn på Guds uthaldande og sterke kjærleik frå jul til påske.
Brorson har skrive salmen som ikkje berre viser den vakre rosa, men og tornebusken der ho veks.

Den yndigste rose er funnen
blant stiveste torner opprunnet,
Krist inn i vår ætt lot seg pode,
blant syndere fagert han grodde.

Jesus fekk sjølv kjenna verdens torner i kransen dei sette på han på langfredag. Og i mindre grad har me alle våre små erfaringar med tornene.
Alle som har stelt med roser, veit at om blomen er vakker, så er det ikkje langt til tornene. Dei veks på same busken.
Det seier oss og at trua på Jesus kan vera utfordrande, og at det gjeld å halda fast på rosa me har fått.
Derfor sluttar Brorson salmen slik:

La verden kun alt fra meg tage,
la tornene rive og nage,
la hjertet kun beve og briste,
min rose jeg aldri vil miste.

Harald Grønnevik

Sjokoladeracketen, en julehistorie

I mange år var det hjemmelaget gjøre- og sjokoladekalender til advent i heimen. Hvis det ikke var sjokolade, kunne det være besøk til Annelise, det kunne være å pusse sølv og messing, osv. Høydepunktet for barna var naturligvis julaftens morgen, for da vanket det både et julehefte til hver, og en tennisracket av sjokolade fra Minde sjokoladefabrikk i Bergen. Stor var fortvilelsen, spesielt hos datter Sigrid, da det ble kjent at Minde ikke skulle produsere den lenger. Fabrikken var solgt til Brynhild. På Østlandet! Mamma, det er i hvert fall 20% av julen som ikke er der hvis vi ikke får racketen!

Mamma ringte til Brynhild:

- Hallo; Jeg heter Randi Sellevold, og jeg ringer fra Bergen.
- Gjelder det racketen?
- Ja, det gjør det.
- Hva ER det med denne racketen? Hadde det vært en julenisse, skulle jeg da forstått det!
- Hør her: Hvordan hadde du reagert hvis noen kom og ville ta fra deg juleribben? Denne racketen er en del av julen for mine og andres barn. Forresten, er det flere som har ringt om det samme?
- Haugevis! Blant annet en rasende bestefar. Han hadde fått denne i julepresang av sine besteforeldre, og han FORLANGTE å få gi den til sine barnebarn!
- Ja, der kan du se!

Hun skulle se hva hun kunne gjøre, og hun skulle i alle fall formidle videre. Det slo man seg til ro med, så lenge.

Neste høst, i september, oktober eller deromkring, ringte jeg til Brynhild og spurte hvordan det sto til med racketen.

Joda, det blir racket. Men bare i Bergensområdet.

- Deretter gjorde jeg som man selvsagt gjør: jeg ringte til Bergens Tidende og meddelte de gode nyhetene.
- Dere kan gi beskjed til leserne at julen er reddet!
- Hva mener du med at julen er reddet?
- Det blir Mindes juleracket i år. Og dermed fikk de hele historien og laget en dobbeltside om saken. Og jeg fikk 800 kroner i tipshonorar!

Randi Sellevold

Minneord Reinert Frette

Foto: Randi Frette

Ein kjend Stordalsbu er gått bort dette året. Reinert Frette, f. 20.4.1935, døydde 31.5.2021 etter ei tids sjukdom.
Han var ein omgjengelig og samfunnsengasjert mann som var aktivt med i det som føregjekk i bygda. Han var historieinteressert og hadde opp gjennom åra samla og fått nedteikna ei mengd gamle ord og utrykk/ seiemåtar frå lokalmiljøet. Lokale navn på fuglar, på sjukdomar, menneskekroppen, steinar, berg og hellerar i fjellet og i nærområde.
I Klypeposten fekk me ofte nyta godt av hans store samling, han var alltid velvillig og bidrog med mykje godt stoff.
Han var og med frå starten i IF Klypetussen og stilte opp på ulike arrangement så lenge han kunne. Reinert og kona Lillian lika å samle familien rundt seg, og hadde tradisjonar for samlingar i påskehelga og sommarferiar o.l. Då var det ballspel og leikar ute på skuleplassen og bøen. Etter at Lillian døydde i 2014, førte Reinert desse tradisjonane vidare. Me er mange som har gode minne om Reinert.

I takksemd frå Klypeposten. Fred med minnet.

Minneord Erling Sævareid

Foto: Gisle Sellevold

Ein trufast Klypepost-lesar og ihuga fjellmann, Erling Sævareid, gjekk bort i oktober, nokre få månader etter at han fylte 100 år. Han var ein flittig gjest på både IF Klypetussen og Etne IL sine nutar gjennom mange år, til og med etter han hadde passert 90 år! Han fekk m.a. turstaven for 5 nutar i 2001 og bronsekjedet i nutjakta til IF Klypetussen.

Skredkollen var favoritt-nuten til Erling. Han var rundt 89 år då han hadde siste turen hit. Dette området var og godt kjent for han frå barne- og ungdomsåra på Kyrping.
Han var også med på ulike mosjonsløp i distriktet, m.a. Osnes Rundt, Ølmedal Rundt og Hydroløpet. Det vert fortalt at når han var med på Osnes Rundt, måtte han skunda seg rundt løypa for å vera på plass til løparane kom i mål.

Han hadde også 20 års fatet for Postvegmarsjen!

Erling og kona Laura hadde mange fjellturar i lag opp gjennom åra. Når det ikkje var mulig å dra på dei lange turane lengre, fann dei stor glede i å kjøra opp til Sande og gå tur i området der. Gjerne til Hausnes eller på nye skogsvegen. Dette gjorde dei heilt til det siste Erling levde.

Fred med minnet.

HEIMRE SAUANUT 1176 m.o.h.

Mona Norheim

Oppsummering: Gunnbjørg Ljusnes

DRONNING AV HEIMRE SAUANUT 2021:

Tonje A. Stålesen!

3 nuteringar!



152 PERSONAR **Rekord!**

163 NUTERINGAR **Rekord!**

14.10. Kari Rundhaug + Frida
Blå himmel og lite vind. Vi har gått fra Storavassbu. En liten utfordring i det bratte partiet med hund og meg med høydeskrekk, men det gikk !!

19/10 -20 Strålande sol, heilt vindstille og litt snø på toppen! I kveld kjem snøen, så det er nok siste findagen på ei stund. Lett å gå i dag; 1 t. 33 min. frå bilen og opp.
Kompis og Nils Rullestad

18/10 Erling Hus, Johne Lilledal. Stråland ever og lite vind ☺

30/5
Fy flate, i dag var detta turen!!
Lars Hovda

15/4 -21 Fra Tengdal via Tengdalsnuten, Nonnskjufenuten(?), Nordeskårnuten.
Strålende ☼ Jarle Sandal

30. mai Arvid Hardeland
Eit nydeligt vèr heile vegen opp.
Shorts og T-skjorte som gjeld i dag ☼

En fin tur fra hytta i Åbødalen i godt turvær.
«Mellomlanding» ved hytta på Svartevann.
23/7 Jon Hansen, Eli Hansen

23/7 -21 Eine sehr schöne Tour bei herrlichem Wetter.
Wolfram Erdmann, Tyskland

24/7 Roy Inge Hansen og Carina Åkra
Gikk opp Gråbotn - Grønaheinuten - Ingebjørgsnuten

24/7 Terje Håheim, Arvid Kjell Osvåg
Gikk opp frå Nordstølen i Sauda

3/8 -21 herlig tur i strålande vær! Lite vind på toppen.
Så pausen kunne tilbringes her ☼ Siv Hersvik, Linda Giersch

25.07.21, 15.30 Sol og fint!
Olav Samland

Odd Rune Tendal, Lukas Tendal. Innom Heimre Sauanuten på «gullruteturen» vår fra Blomstølen. Flott vær og fin tur. 3/8.

21/8 -21 Flott turvær
Nils Ole Espeland

21/8 -21 Nydelig tur frå Frette. Sol og nesten vindstille.
Eta litt nista før turen heim igjen. Bjørn Tore Grønstad

23. aug. Nydelig dag
☼ Birgitte Hansen

23/8 Hauge og Hovda på tur !!
Vindstille og solskinn ☼

27/8 Per Sælvik
Opp frå Åbødalen

25/9 Opp frå Fossdal, Indre Sauanuten, ned Kvanndal. Martha Meltveit, Lars Farkers(?), Øyvind Halgenset(?)

29/9 Evy og Sonni. Flott turver, sol ☼
Men i morgon kjem regnet !!



Frå gamle Klypepostar

Me har dykka ned i gamle årgangar av Klypeposten og der kan det vera mykje kjekt å sjå tilbake på!
Så eit tips til dei som har samla på bladet opp gjennom åra, set deg ned og bla gjennom dei eldre utgåvene ein dag du kjedar deg. Mange artige minne å finne frå den første Klypetussetida. (Nr 1 vart utgjeven 1983)

Her har me så funne fram eit intervju frå 1987 som viser korleis ei 8 år gammal jente opplevde sin første sydentur. Trur nok svar frå ein 8 åring i dag ville vore meir «blasert», ungar i dag har nok meir reiseerfaring lenge før dei er 8 år! Men koseleg å lesa den ekte gleda over turen ho her opplevde!

Me nevner ikkje navn, dei som har laga intervjuet kjenner seg nok att, Håpar dei tåler ei gjenoppleving!

Sydentur



S: Kva sa du då mammo di vant tur til Kypros?

Å: Eg sa at eg ville vera med.

S: Og det fekk du lov til med ein gong?

Å: JA!

S: Kva tenkte du siste kvelden før du sko reisa?

Å: Eg tenkte at eg sko detta ned frå flyet.

S: Og det gjorde du vel?

Å: HM, nei...HE....HE.

S: Var det sånn som du hadde tenkt deg i syden?

Å: Nei, strondo var mykje finare enn det eg hadde tenkt. Og bilane kjørte så fort at dei nesten fauk. Dei berre kjørte på, brydde seg ikkje om skilto elle noko. Og så kjørte dei i feil sida.

S: Ka budde dykk i?

Å: Leiligheit-- ein store ein med to altanar!!

S: Så dykk måtte laga maten sjølve?

Å: JA, OG VISS IKKJE MAMMO GIDDA SÅ GJEKK ME PÅ RESTURANG.(ME GJEKK MEST PÅ RESTURANG.)

S: HADDE DEI MASSE LØYEN MAT?

Å: JA, BRØDA VAR RUNDE OG KJEMPE GODE. OG OSTEN, DEN KJØPTE ME FERDIG OPPSKÅREN.

S: KA VAR DEN BESTE MATEN DU FEKK DER NERE?

Å: KYLLING M/CHIPS OG BANANASPLITT M/STJERNESKUDD.

S: KA GJORDEDU PÅ ALLE DEI DAGANE DU VAR DER NERE?

Å: BADA, SVØMTE, SOLAMEG, VAR PÅ BUSSTUR, GJEKK I POSTEN, HANDLA, SNOPTE, SOV OSV.

S: SÅ DET VAR IKKJE KJEDELEG ALTSÅ?

Å: NEIII! EG TRUDDE AT DET VAR KJEDELEG DER EG!

S: BLEI DU KJEND MED NOKON DÅ?

Å: JA, EI DAMA MED KRØLLETE HÅR, HO JOBBA PÅ EIN BUTIKK DER EG VAR OG KJØPTE BRØD HEILT ÅLEINA. JA, OG SÅ MÅTTE ME KJØPA VATNET OG.

S: LÆRTE DU NOKEN ORD DÅ, DÅ DU VAR PÅ KYPROS?

Å: JA :SKÅL = JAMAS
TAKK = THANK YOU
KYLLING M/CHIPS = KJIKKEN AND POMEFRITEES.
COLA = COKE
ØL = KEO
KAFFI = AIRISH KÅFI
BLEKKSPRUT = KALAMARI

S: BETALTE DU MED NORSKE KRONER?

Å: NEI, FEM CENT OG PUND.

S: KA SYNS DU VAR KJEKAST PÅ KYPROS?

Å: PÅSTRONDO, OG BYGGJA SANDSLOTT + AT ALLE DAMENE GJEKK UTAN PUPPEHOLDAR. (HI...HI..)

S: SÅ DU HAR LYST TIL Å REISA NED IGJENN

Å: JAAAAAAA, HEILT KJEMPE LØST!!!

Åpning av Dagsturhytta i Etne

Foto: Solveig Kvamme

Hurra, eg har fått meg hytte på fjellet! Og det har du og alle andre innbyggarar i Etne kommune fått og. Dagsturhytta er nå åpna og skal vera til glede og nytte for oss alle.

Den ligg på Leiteshaugen ved Holmavatnet. Du kjører opp Rusvegen frå Fossa, . god veg og parkering (bomvegavgift), Vegen videre går på grusveg med mulighet for sykkel, med barnevogn eller rullator. Du ser hytta som ligg på haugen til venstre. Ein liten halvtimes gange og du er framme ved hytta, det siste stykket er på sti, men planen er å få til bedre veg heilt til døra.

I hytta er det ovn, så har du med deg nokre vedskier kan du fyre opp om det er «hustre» ute. Kosa deg med nista og nyta utsikten. For ungane er der et utvalg av barnebøker frå nynorsk bibliotek som dei kan ta med opp på hemsen og kosa seg med der.
Hytta er utforma slik at det er sitjeplasser ute på alle sider, så det skal vera mulig å finne le for vinden. Toalett er der også sjølvsagt.

Høgtideleg åpning var 9. oktober og rundt 150 store og små møtte opp. Morten Odeen orienterte om hytteprosjektet og takka alle bidragsytarar. Liv Tungesvik hadde helsing frå pensjonistlaget i Skånevik. Og kultursjef i Sparebankstiftinga I Sogn og Fjordane var invitert og fekk takk for bidrag til både denne og andre dagsturhytter. Han var imponert over fin plassering og flott utsikt frå hytta!
Litt kald vindtil tross, folk kosa seg, fekk utdelt skillingsboller og høyre triveleg musikk av «Makalaust». Så no er det å håpa at mange tek turen og brukar hytta, og sjølvsagt at alle tek ansvar for å ivareta og halda orden både inne og ute!

Foto under: Sigrid Løvereide

SKREDKOLLEN 908 m.o.h.

Oppsummering: Gunnbjørg Ljusnes
→ Mona Norheim

KONGE AV SKREDKOLLEN 2021:

Odd Eirik Prestegård!

75 nuteringar **Rekord!**

215 PERSONAR **Rekord!**

373 NUTERINGAR **Rekord!**

35 nuteringar:
Vidar Tjelmeland

14 nuteringar: Randi Aa. Tjelmeland

Er på tur i dag med 3 klypetussar. Det er tungt å gå med 2 sprekingar!
Einar Olav Eintveit, Harald Måge, Skjalg Duesund

5/10 sol og vind.
Anne Grethe Gravdal

10/10 - Nydeleg vèr, nysnø på fjella rundt! Synnøve Sævareid

11.10. 2020 Mathilde Sævareid van der Zwaag, Aud Sævareid, Leo. Skyfri himmel og deilig sol !!

11/10 Flott her i nydelig sol
1. gang her, men ikke den siste.
Tove Kvaløy, John Arild Hetleflåt

15/10 Vidar Tjelmeland, Tim
Nydeligt vær denne veka

1. des. Nydelig dag
Birgitte Hansen

16/10 Fin tur i flott høstvær. Therese Lundal

20/12 Lars Hovda
Gråvær og masse vind!

24/12 -20 GOD JUL
Odd Eirik Prestegård

7/3 Stilt og sol
Kristin Finnes + Luna

01.04..21 GOD PÅSKE
Synnøve Sævareid

02.04.21.God Påske
Emma L. Jensen, Vegard Rød

25/4 Fantastisk vèr
Svein Erik Sævareid

13/5 Endeleg ein tur opp her.
Evy Anne Tjelmeland
Svein Inge Åkra, Aud Karin Åkra

15/5 Bjørg Aa Hegerland. Litt vind og overskya, upåklagelig utsikt

16/5 Te topps i skodda & solglimt imellom. Bunad og flagg med i sekken og instagram film/bilde blir det i skoddo. Sjå @bestohuset. God 17. mai. Synnøve Sævareid

17. mai 2021 GRATULERER MED DAGEN NORGE
Arild Jensen, Marit Hjartøy

23/5 Frisk og fin morgontur
08.30 Grethe Milje

30/5 Flott vær, sol.
Vigdis Hansen, Randi Grindheim

31/5 Jarle Vik
Nydelig vær kl. 21

7/6 Tor Hervig, Gisle Sellevold
Ca. 2 t 10 min frå Skittkleiv

1/7 Kjempevarm tur
Nydeleg solnedgong !!
Synnøve Sævareid

12/7 Supert vær! Super tur!
Hanne Svendsen, Knut A. Jacobsen

23/7 Fint turver.
Skodda nere i dalane. Jan Eirik Jensen

21.08.-21 Ruth og Anders Sande kl. 15.15.
Kjempeflott tur – en meget godt merket sti!! Vidt utsyn.

25. aug. Nydelig dag, varmt, klart og sol. Birgitte Hansen

7/9 Overnatta i telt neri her. Synnøve Sævareid
Fine kveld, kalde natt! PS. Reven kom på besøk



KLYPERITTET

Styret i sykkelgruppa planla å arrangera eit sykkelritt for ungar allereie våren 2021. Det var ein god del som måtte klarerast før me kunne setja rittet ut i livet.

- Corona måtte vera slik at det var forsvarleg å arrangera ritt
- Avklaring i høve til Norges Cykleforbund (NCF) Dette for å vera sikre på at rittet blei arrangert innafor reglementet i høve til rittavgift og for-sikring viss nokon av deltakerarane skulle skada seg
- Arrangørstad
- Premiering
- Startnummer
- Annonsering m.m.

Noreg blei først gjennopna etter pandemien den 24. september. Styret i sykkelgruppa heiv seg då rundt og bestemte seg for å arrangera rittet torsadag 7. oktober på Enge skule.

Grannar laga ein flott førehandsomtale. Skular og barnehagar i kommunen var velvillige, då me bad om hjelp til å spreia informasjon om rittet.

Leiar i gruppa hadde i påvente av coranaopninga, kontakta NCF og fått klarert kva som gjaldt for sykkelritt for barn opp til 12 år på eit område som er lukka for trafikk. Premiar var og under produksjon. Tradisjonelle startnummer vart bytta ut med startslippar.

Trekkjepremiane kom ekstra godt med, då medaljane diverre ikkje var ferdige til sjølve rittdagen, det

siste lakkstrøket vart ikkje tørt. Løysninga på manglande premiar, blei grautfest 14 dagar etter sjølve rittet.

Det var 38 born i alderen frå 4 år t.o.m. 12 år som meldte seg på rittet. Ein av deltakerarane blei diverre sjuk, slik at han ikkje fekk sykla Klyperittet, men han var med på grautfesten saman med dei fleste av dei andre som sykla. To tre av borna hadde andre ting føre på grautfest ettermiddagen. Disse fekk medaljane overrekt av medelevar eller vaksne som kjende disse borna. Grautfesten blei ei fin oppleving både for born og vaksne. Etter litt fysisk aktivitet, felles strekking og ballongdans, blei det risengrynsgraut og saft til alle borna. Så var det tid for medljeoverreking. Borna fekk ei klesklypa med påskrift – rittet 2021 og maskoten til sykkelrittet på. I og med at rittet hadde fått namnet Klyperittet, var klesklypa del av namnet og påskrifta var difor noko forkorta.

Vår lokale sykkelhelt Sven Erik Bystrøm lika tiltaket med sykkelritt for born så godt at han sendte rittleiar ein del sykkelting med påskrift UAE på. Disse blei trekt ut blant alle borna som møtte fram for å motta medaljar på grautfesten.

Styret i sykkelgruppa takkar alle som støtta oss i vårt arbeid med Klyperittet. Me satsar på å arrangera Klyperittet både vår og haust kommande år.

Tekst og foto Oliv Enge

Årets Nutist 2021

Så var fjellbøkene oppsummerte og me har fått kåra Årets nutist 2021. Vidar Tjelmeland stakk også i år av med den tittelen med 215 nuteringar!

Gratulera til han!

Men som i fjor er Anette Lauareid Hovda ikkje så langt bak, 187 nuteringar.

Gratulera også til henne!

Fleire sprekingar……..

Og ein må lura på kva nabolaget på Tjelmeland ete til frukost, så spreke og turglade dei er …… Her har me Hilde Gursli Tjelmeland (136), Odd Eirik Prestegård (133), Evy Anne Tjelmeland, Randi Tjelmeland, Bjørg Aa. Hegerland, Arild Jensen har også tosifra tal nuteringar.

På Hålandshovda har Geir Bakke 100 nuteringar.

God tursesong 2022 til desse og alle andre turglade!!

Foto: Arild Jensen

Rekordar til fjells!

Det er rekordmange som har vore på IF Klypetussen sine turmål og «nutert»-seg i bøkene der dette siste året.

Heile 2228 personar med tilsaman 3559 nuteringar!!

Friluftsrådet har Telltur- registrering på nokon av dei, det gjer at fleire frå nabokommunane kjem og får slik bli kjende med våre flotte fjellområde.

Me må ta med at også Etne IL, Skånevik IL og Fjæra og Rullestad har bøker på mange nutar/stader i sine nærområder, og har nok godt besøk dei og.

Folkehelse på sitt beste, greit for mange å ha eit mål for turen. Men det viktigaste er nå å komma seg opp av godstolen og ut på tur, kort eller lang.

Og å kosa seg på turen, få påfyll for både kropp og sjel !

NORDFJELLET 867moh

Mona Norheim

Oppsummering:
Gunnbjørg Ljusnes

DRONNING AV NORDFJELLET 2021:

Berit Rafdal!

5 nuteringar!



4 nuteringar:
Kåre Rafdal

127 PERSONAR

140 NUTERINGAR

11.10.20. kl.11.30. Flott haustdag! 3° kl. 9 heime, is på bilruta!
Stille, stille i fjellet, ikkje sett eit einaste menneske. Bokbyte i dag. Gunnbjørg Ljusnes

18/10 Mette Heidi Ekrheim + King. Første tur til Nordfjellet med ny hund! Sol, litt rim, lite vind.

18/10 Fin tur i nydeleg haustver.
Svein Erik Sævareid

21/10 Skodde. Marianne G. Tjelemeland

23-10-20 Langtur som starta med Åborekleivane & -nuten. Over til Sauda sida. Vidare via Krokavassnuten og hytta på Kvitturane ned Bordfjellsenden og opp hit.
Arild Jensen, Odd Eirik Prestegård

12/11 Fin tur. Audhild Aasheim
Ingebrigt Aasheim

18/3-21 Nydelig tur på ski. Hans O.Myklebust

2/4 Jan Terje Rafdal, Siv Helen Thomassen, Berit Rafdal, Kåre Rafdal
Sol og fint, litt skyer, litt vind. Gjekk til fots på skaresnø. PS: Kvikklunsjen er ein overraskelse til neste mann/kvinne opp. GOD PÅSKE☺. Klem frå oss ☼

11. mai. Sol, mildt. To quadriceps-opererte, velsigna med helse til å gå i fjellet. 1t 40min. Roleg, fin tur. Gisle Sellevold, Tor Hervig

29/5 Berit Rafdal, Kåre Rafdal
Fine dag i himafjellet. Over Djupa-heiane, rundt Mjåvatnet og opp i nuten.

6/6 Silvane Hell..er, Elmer Norgard
Fint & varmt, men litt skodde.

20.6.21. Fint vèr. Torunn, Jon Olav, Ingrid og Erlend Kringlebotten

1. august -21. Hilde K. Bjørgen, Justin, Alida Bjørgen-Askvig, Pål Askvig.
Fint vær, litt regn, men ellers fint ☺

24.08.21 Tjukk skodda nede, men sol og fint her oppe. Olav Samland

2/10 Lite fjellrype og ingen byryper☹ Kjell & Even

Då fotballen kom til Håland

Av Knut Lunde

Når eg var smågut, så var fotball ikkje noko som vart praktisert i Håland krins. Fysisk aktivitet føregjekk helst i skog og utmark. Der var alvorlege kampar med pil og boge, pluss tre sverd! Elles var hyttebygging ein stor aktivitet. Materiale det naska me frå vegarbeidet som vart gjort i Stordalen på den tida. Det var helst bord som vart brukt til forskaling. Så det var alltid ein kamp mellom oss og vegfolka. Spesielt mellom oss og han som var syning. Han heitte Gjertsen og var sjefen. Eg hugsa endå dei lange beina og snusdrevja når han sprang etter oss og trua oss med juling! Men me var raske og godt kjende i terrenget, så det var sjeldan han fekk tak i oss.

Men ein gong var der nokre andre vegfolk som klarte å ta ein av oss. Han vart dytta ned i ei sement-trillebår full av vatn, for dei skulle få han til å tilstå tjuveriet av trefjølene. Me andre låg oppi skogen og ropa at dette skulle hevnast om dei ikkje slapp han fri! Og hevn tok me! Når helga kom og vegfolka fekk fri, reiste mange av dei heim. Då jobba me ungane iherdig. Me støypte i dei hola som drenerte ut vatnet frå vegbanen og i fleire av utsparingane for dei små stikkveitene. Så striden vart halden i gang.

Men tilbake til fotballen. Plutseleg ein dag kom Jan med ein stor fotball som faren Laurits hadde laga. Den vart beundra frå alle kantar. Så den dagen vart Jan den store stjerna. Det var ingen av oss som nokon gong hadde eigd ein ekte fotball. Korleis den var laga vart ein stor diskusjon. Ballongen som var inni, og kva den var laga av hugsar eg ikkje. Men den lek litt luft, og då var det inn til far til Jan, for det var han som kunne det med lufta. Så var det og setja opp to stenger til mål. Nett til å møta ballen hadde me ikkje, så det vart mange turar ut i naturen! Men det ofra me ikkje ein tanke (god trim).

Banen var i gamle vegen som var tett ved husa til Jan. Me valde keeper, og skaut direkte på mål. Det vart mange heftige diskusjonar om reglar, men der hadde Jan ein trumf ess. Jan tok ballen under armen og gjekk inn! Men det løyste seg som regel. Det vart lite dribling, men masse moro. Så all ære til Laurits som laga denne ballen, for den gav oss masse moro. Korleis det enda med ballen, veit eg ikkje. Men om den skulle finnast framleis, så burde den verta utstilt, gjerne i klubbhuset til Klypetussen.

Som eit minne om Laurits sitt bidrag til ungane på Håland.

Skåneviksongen

Her er heimen, like kjend og kjær den står
Her har sterke fedrearmar rydt og bygdt
Her i mellom fjell og fjord er bygda vår
Her levde dei vel, her sto dei fritt og trygt.

Skånevik er bygda vår, her vil me bu
Inga bygd er oss så ven og kjær som du
Fjella, lia, fjorden gjev deg bunad fin
Som ein perlestein i sola vent du skin.

Her er minna gøymd frå gilde barneår
Her me levde mellom syskin, mor og far
Om me ut i verda drar i krig og fred
Så vil du i draumar alltid vera med.

Olav Eikemo

Foto: Bjørn Kristiansen

Frette-basaren

Endeleg kunne Frette Misjonsforening - Jenteforeningen - ha basar att. Til inntekt for Den Indre Sjømannsmisjon.

Dato: 29. oktober

Komitéen, Eli Sævareid, Lillemor Lindevik og Gisle Sellevold fekk ut loddbøker til 10 kr loddet. Rundt éi veke før basaren var det selt for kr 4000,-. Gisle hadde vore stri på at det skulle vera kr 10,- per lodd. Færre bøker å forhalda seg til. Hadde han teke for hardt i..?

Svein Helge Bergfjord Torsteinsbø
Foto Gisle Sellevold

Når kvelden var omme var det selt for 18- 19 tusen på bøkene, og med årene vart det brutto kr 24600,- langt meir enn me forventa. Ikkje gjekk me rundt med bøkene, ei heller sat me på stand.

44 personar kom! At det var nesten like mange no etter pandemien som sist i 2019, gjorde komitéen veldig glade. Litt færre lokale, men 12 ungar var med på å gjera dette til ein festkveld av det gamle, gode slaget. ....og skjeve med egg og sild...

Den nyss avgåtte krinssekretæren Georg Kallevåg spelte og song vakkert om Jesus. Den nye krinssekretæren - som mange kjenner frå dokumentarfilmen "Jesus lever på Karmøy", hadde andakt med forteljinga om Sakkeus. Han hadde veldig godt lag med ungane. Utover kvelden fekk han snakka med alle ungane. Og dei lytta og ga tilbakemeldingar.

Og mange fine vinstar. Ei av vinstane - eit bilete med høns på; kom heilt frå Elisabeth Litlehamar i Suldal. Komitéen takkar for alle vinstane, alle som kjøpte lodd, og ikkje minst alle som kom og gjorde dette til ein gjevande kveld.

For komitèen Gisle

Innsatspokalen 2021

Denne vart utdelt på det digitale årsmøtet 29 april 2021, til Gisle Sellevold.

Grunngjevinga frå styret lyder slik: Vedkommande får pokalen for si lange og tru teneste klubben.

Og for hans store entusiasme som har samla mykje folk til arrangementa våre.

Han har også jobba aktivt for å skaffa sponsorar som har gitt store inntekter til klubben.

Gratulerer til Gisle !

Det spirer og gror i grendene.....

Denne blide jenta heiter Anna Stølås Ramstad, vart fødd 7. mai 2021 og bur på Håland.
Foreldre er Silje Stølås og Sjur Helge Ramstad.

Min første sykkel.

Jeg lærte å sykle sommeren 1971, rett før jeg skulle begynne på skolen. Målet var å lære dette før skolestart, selv om vi bodde såpass langt unna skolen at det ble buss dit. Jeg lærte å sykle på en stor og tung sykkel. Det var moren min sin, en rød DBS med ballonghjul, fra 50-tallet. Setet på sykkelen var jo selvsagt høyt oppe så man måtte stå i ramma og trå. Spissen på setet stakk meg i ryggen, og det var ganske så irriterende i grunnen, men bedre enn ikke å få sykle i det hele tatt i hvert fall! Jeg har en 4 år eldre bror, og han var velvillig når det gjaldt å lære meg å sykle. Holdt i bagasjebrettet på sykkelen og løp rundt med meg. Merkelig nok var det lite krangling akkurat da, ehhhm….Etter noen intense perioder og dager slapp han plutselig taket i sykkelen og jeg sykla uten støtte, uten at jeg visste det! Da jeg fikk stoppet sykkelen, uten å gå i grusen, stod han mange meter unna. Da var jeg stolt, da!! Tror jeg vokste 5 cm minst, den dagen, he,he. Storebror var også glad!

Men han syntes jo at jeg ikke kunne sykle rundt på den svære sykkelen. Han tenkte nok mye på dette noen dager, men etter besøk av en kamerat av han skjønte jeg at de hadde en hemmelighet sammen. Bare at jeg ikke forstod hva det var, og det var jeg ikke så glad for, akkurat. Men de to syklet av gårde uten at jeg visste hvor. De kunne jo sykle, de, fort til og med! Moren min sa at jeg måtte være med henne en tur til noen naboer, jeg kunne ikke være aleine hjemme. Ja, ja, da var det ikke noe annet å gjøre enn å bli med henne, så sånn ble det. Men det skjedde jo saker og ting i mellomtida. Broren min og hans kamerat visste råd. Vi bodde ikke så langt fra en søppelplass, og der var det jo mye rart å finne, spesielt spennende var det nok for to gutter i 11 års alderen, så de fant nok alt de trengte der, tror jeg. Det var ingen regulering på hva man kjørte til søppelfyllinga på den tida, og det var greit at folk dro dit for å se etter ting man hadde bruk for, man kan vel kalle det gjenbruk.

Da jeg kom hjem var det ganske stor aktivitet i et vedskjul vi hadde som også var kombinert med et lite verktøyrom. Da de så at jeg kom så fikk jeg ikke komme å se, ikke snakke med dem. Da ble jeg ganske sint og synes at broren min og kameraten var så dumme, altså! Døra inn til rommet ble låst når de ikke var der. Foreldrene mine visste nok hva som foregikk der inne, men de sa ingenting til meg. Dette pågikk over noen dager Jeg synes at denne hemmeligheten ble vel langvarig, så nå måtte jeg vel snart få vite noe, eller?

Jeg satt i skyggen og lekte med dokkene mine, da broren min ropte på meg, nå kunne jeg komme å se på det hemmelige! Jeg sprang bort det forteste jeg kunne, og der, der stod det en rødlakkert sykkel, med både skjermer og bagasjebrett og alt!!! Broren min og kameraten stod med store smil om munnen og spent på hva jeg syntes. Jeg syntes det var den fineste sykkelen jeg noensinne hadde sett og

den var jo mye mindre enn den jeg hadde brukt til nå, tenk, den passa jo til meg!! Så prøv den da, hørte jeg guttene sa. Men jeg måtte jo se ordentlig på den først. Jeg tok tak i vidunderet av en sykkel, steg opp i ramma og sykla bortover, for første gang på egen sykkel!! For en dag det ble! Jeg hadde jo den beste storebroren i verden akkurat da, og kameraten hans var jo sååå snill!!

I dagene som fulgte ble det sykkel og bare sykkel for min del. Det skulle jo litt trening til for å lære kunsten skikkelig. Sykkelhjelm var et ukjent begrep på den tida, men det skjedde aldri noe alvorlig, kun blåmerker og skrubbsår, en plasterlapp og trøst fra mor kunne løse det meste den gangen.
Det eneste som ble kjøpt i butikken var rød bengalakk, nye slanger og dekk. Det andre ble funnet på søppelfyllinga! Storebrødre kan være ganske greie også, faktisk!

Anne Mette Lian

Alle 30 sesongen 20/21

Etne Turlag melder at heile 58 personar har fullført Alle 30, 15 stykk av desse for første gong. Rekorden er frå 2013, då var det 62 som fullførte! (60 i 2020)

Ståle Tungesvik har nå fullført alle 20 sesongane, me gratulerer med det!

Best på kvinnesida er Kristin H.Straumstein med 10 fullførte sesongar, gratulerer til ho og!

Me vil tru at desse, som alle andre som kjem seg ut på tur, lang eller kort, har hatt mange flotte naturopplevingar!

Bildet er frå Litlavatnet, som er Farande Fant i 2022.

Foto: Gunnbjørg Ljusnes

HÅFJELLET 937 m.o.h.

→ Mona Norheim

Oppsummering: Gunnbjørg Ljusnes

DRONNING AV HÅFJELLET 2021:

Anette Lauareid Hovda!

13 nuteringar!



7 nuteringar: Bjarne Vika

332 PERSONAR **Rekord!**

366 NUTERINGAR **Rekord!**

5 nuteringar: Gunnar Norheim

Velkommen til tursesong 2021

Når du skriv deg inn i boka, ta gjerne med litt om været, opplevingar på turen osv.

Kontakt-tlf. Fjellgruppa IFK: 48061717. God tur!

07.10.20 Fin tur i høst farger.
Gunhild Selland, Agnes Elise Sandvik, Lady

9.10.20 Fin tur med litt regn og litt tåke☺ Berit Brandsberg

15/10 – Målfrid og Anders Grønstad
Vindstille og sol frå skyfri himmel.
FANTASTISK TUR og utsikt!! Kl.13.45

13/10 Nydeleg haustvèr!!
Vigdis Hansen, Randi Grindheim

16/10 2020 kl.10.20 Vindstille, sol og skyfri himmel. Fantastisk! Ingunn Frette, Bamse

16/10 -20 Frode Engen. Skyfritt, fantastisk flott vær og utsikt.



26/10 -20 Vindfullt.
Linda Giersch, Siv Irene Hersvik

6/11 20 Disig og yr!
Kompis og Nils Rullestad

24/4 -21 Raymond og Cecilie Norebø
Nydelig vær, fremdeles en del snø.

17.05.21, 14.00 Lettskya – varmt.
Ein flott 17. mai! Olav Samland

20.05.21 Flott kveldstur i godt lag!
Anette L. Hovda, Åse Berge

27.5. Tove Samland
Ein første gong for alt!

28.5.21 Me måtte vera med Janne på telltur Håfjelle'. Fint vær, men kald vind på toppen. Utsikten fantastisk. Olav Svendsen, Janne Amundsen, Sunniva Amundsen

MÅFJELLET forts.

29.05.21 På veg over til Etne.
Strålande sol Anette L. Hovda



På veg til Perlo i strålande solskin.
29/5 Bjarne Vika, Steinar Ness

31.05. – 01.06. Overnatting på Håfjellet
Karoline Grøthe, Sondre Lauareid Hovda, Tøffe.

06.06. Fin kveldstur til Skånevik.
Sol og disig. Anette L. Hovda

12/6 Fine tur frå Håland til Sunnhordlands perle. Bjarne Vika

23/6 Fin tur frå Håland.
Therese Lundal, Åslaug Lundal Eintveit

26/6 Flotte tur med flotte folk frå Håland til Skånevik. Bjarne Vika, Edel(?) A. Skogland, Svein Vika, Anne G. Skogland

26/6 -21 Fin tur opp med sol.
Tore Hettervik, Rune Nordhus

28/6-21 Skodda letta til slutt.
Svein J. Risøy, Marianne Stavenes De Monte

30/6 kl. 21.00, ette leggetid. Airo + Idun Øvernes, Karsten S. Hatteland



02.07. På vei til Skånevik Bluesfetival Anette L. Hovda

9/7 Marthe Bøthun, Johanne P. Tvedt, Ingrid Birkenes
Tjukk skodde, jysla godt lag !! ...Var eigentleg på veg til Hodnet.

10/7 Flotte tur frå Håland. Litt skodda, men blå himmel på toppen. Bjarne Vika

19. juli 2021 Veldig flott tur!
Knut Aksel Jacobsen, Hanne Svendsen

3/8 Ein flott dag, sol og lette skyer, svak vind. Gått frå Håland og går vidare til Skånevik.
Haakon Meyer, Kathrine M. Meyer, Jens Meyer, Ragnhild Tungesvik

8. aug. Nydelig kveld! Birgitte Hansen

?/8 Kristin Finnes + Luna. Sol og vind.

Postvegmarsjen 2021

Postvegmarsjen 2021 vart gjennomført på koronavennleg måte slik at ein kunne gå når ein ville i tidsrommet frå 4 juni til 20 juni. Folk kunne registrere seg både i Skånevik og Etne og så ta turen over fjellet. Og levere inn registreringa der ein kom i mål. Det var 39 stk som fullførte og det vart trekt 3 premiar a kr 1000 blant desse. Premiane var sponsa av BKK.

Vinnarar: Anne Grethe Johansen, Johannes Garvik, Lise Åsheim.

Så får me tru det vert mulig å arrangere marsjen 2022 som tidlegare, med utdeling av medaljer, trekking av evt. premiar, samt sal av vafler, pølser og brus i målområdet.

(Dei som skulle ha medaljer i år fekk fekk desse utlevert personleg)

Etnebygda. Foto: Terje Bjørgen

Oppsummering av nutjakta 2021

Turmål	Personar	Nuteringar
Håfjellet	332	366
Heimre Sauanut	152	163
Skredkollen	215	373
Nordfjellet	127	140
Hålandshovda	543	773
Ljusneshovda	189	780
Hellaug	275	321
Nesestølen	317	564
Farande fant, Åboren	78	79
Tilsaman	**2228**	**3559**

Julenøtter

Fett + sirkel

Til kaffien + kar

Krydder + konsonant + stadnavn i Oslo

Sterkt stoff + vokal + ikkje fugl men.....

Husdyr + side

Høgtid + vokal + tre

Bøygd + konsonant + vintermoro

Dyrehus + kjend figur i desember

Årstid + gjev oss varme + omgang

Svara finn du annan stad i bladet.

Foto: Gunnbjørg Ljusnes

Maishausting i Etne

I sommar har det på gått eit prøveprosjekt i Etne med dyrking av mais, hos 7 bønder vart det i vår planta mais.

Mange har følgt spent med på prosjektet i sommar, dette då det var første gang det ble dyrka mais i Etne. Det store usikkerheits momentet for dyrking av mais på vestlandet er været. Til alt hell vart sommaren 2021 ein av dei betre og maisplantene har hatt gode vekstvilkår.

Mot slutten av sesongen ruver maisplantene 3 meter over bakken og sjølve maiskolbane er blitt 20 centimeter lange, og siste veka i september tok haustinga til.

Litlavatnet, ca 540 moh.

Foto: Ørjan Skram Løhaugen

Farande Fant for 2022 er Litlavatnet, rundt 540 moh. på veg frå Frette til Storavatnet, Storavassbu og Saudasjøen.

Kassen er sett opp ved utløpet, på det høgste punktet på den gamle DNT-stien. Den er festa til 2 steinar på venstre side av stien, som ein ser på biletet.

Ein kan følgje DNT stien som startar på venstre side av Odden bru på Frette. Gå inn til Hellaug og opp til Feto. Når ein kjem til stidele på Feto må ein velgje den gamle stien mot Litlavatnet, den høgre over flatene og videre langs elva mot Litlavatnet.

Det er og mogleg å starta på andre sida av Hellaugelva (høgre), følg traktorvegen til endes. Vidare derfra opp Mulabrekka til Fretskar, og derfrå følgja DNT-stien i retning Storavatn.

Farende Fant kan kombinerast med Hellaug og Heimre Sauanuten.

Fjellgruppa

Keidalsvatnet, ca 900 moh.

Foto: Nils Rullestad

Årets «Farande Fant» for indre del av kommunen er ved Keidalsvatnet, ca 900 moh. Dette er ein fin tur å gå både sommar og vinter, og om vinteren er det ca halvvegs til Svartenut, ein flott skitur som eg har anbefalt tidlegare.

Ein startar frå Bergstø og går grusvegen opp Bergstødalen. Eit stykke oppi dalen deler vegen seg, og du tek den som går til høgre. Når du kjem opp på kanten der du ser bort til stølshytta, går du over bekken til venstre og følger tydeleg sti vidare innover heilt til du nærmar deg Bergstøvatnet.

Når du kjem til ei bru, går du over elva og på venstre side av ein haug som er mellom deg og vatnet. Etter ei stund kjem du til ein bekk som kjem ned frå venstre, og du går opp denne dalen, kan gå på begge sider av bekken. Midt oppi bakkane går bekken opp til høgre, men du forlet bekken og held fram i same retning som før, og når du kjem opp på kanten, ser du Keidalsvatnet.

Kassen er plassert litt bort til høgre, litt ovanfor vatnet.
Har du lyst til å gå ned til Rullestad, går du bortover på venstre sida av vatnet, kryssar bekken mellom vatna og går på høgre sida av det andre vatnet. Når du kjem til utfallsosen, kan du gå ned på begge sider, kanskje finast på høgre sida i starten, men frå Botnane må du gå på venstre sida av elva. Stien er ikkje lenger tydeleg, så det kan vera krevjande å ta seg fram, men etter kvart vil du komma ned til Gamlaselsbrua.



Turen frå Bergstø til Keidalsvatnet vil ta 2-3 timar.

Nils Rullestad

Or peiskroken

Dette koselege diktet skreiv Ågot Åkra i samband med eit skirenn på Frette i 1957! Her er nok fleire som vil kjenna seg att og sikkert vil hugsa dette rennet. Diktet har før vore presentert i Klypeposten, i desember 2004.

Det er sundag med kulde,
stavstilt og klårt.
På Frette me samlast
til skirennet vårt.

Dei små, dei litt større
og vaksne ein del.
Dei samlar seg no
og i rennet tek del.

Men likast av alle
det var no dei små.
Dei var så umåteleg
flinke å gå.

Lars, Audun og Harry.
Bjarne, Jan og Svein.
Dei fint greidde løypa
kvar einaste ein.

Eg trudde at med åri
dei trenar og skrid
upp yver bakkar og
kneikande lid.

Held dei fram slik,
yver bakkar og kneik,
vert dei Trysil-Knut lik
og tek mål som ein leik.

Erling, Harald og Audun
kom etterpå.
Dei var no litt større
men så flinke til å gå.

Arne Håland var grei.
Han tok rundane to,
men Trygve var også
knakande god.



Arne Onstein var flink
og Jon Sævareid bra.
For alle me ropa
eit kraftig Hurra.

Så var det dei vaksne sin tur.
Der 6 – 8 var med
og kom inn etter tur.

Einride kjem, det er lett for han.
Kvar sumar og haust
han i fjellet spring.

Villsau er seig,
då han attåt er vrang.
Men oftast han tapte
då Einride sprang.

Egil for som ein vind forbi.
Han sikkert har trena all si tid.

Norvald gjekk godt, men uheldig
han var.
Staven gjekk sunde
i siste runde.

Åsmund gjekk som ein gasta kar,
straks etter Norvald
i mål det bar.

Toralf og Magne kjem inn
etter tur,
men sist i rekkja kjem Peder og
Sjur.

Dei beste av alle det mest eg trur,
ein kongepokal var dei verd.
Men no vil det visa seg kva dei får.

Sykkeljakta 2020/21

Sykkelgruppa hadde utlagde postar rundt om i kommunen som syklistar kunne registrere seg på.

Desse fullførte i 2020:
Christian Haaland
Gisle Sellevold
Øivind Holm
Ingunn Frette
Lillian Frette
Line Birgitte Saltvold Frette

2021:
Øivind Holm
Gisle Sellevold
Ingunn Frette

Julehandel for 50 år sidan, et nostalgisk tilbakeblikk.

Som ein ser var det andre tider og andre prisar, men også andre lønnsinntekter!



Steen Sæbøe

Telefon kontor og butikk 29
» privat 149
Postgiro nr. 7 75 86

Alt i forbruksvarer
Manufaktur - Konfeksjon

5590 ETNE, den 22/12 1972

Herr

Nr. 4

1½ kg julabrød	6 00
appelsiner	8 50
druer	6 15
sviskes	5 70
kjøttkaker	11 90
fiskekaker	6 15
sirup	2 50
1 kg smør	3 70
1 kg nøtter	10 90
fiken	4 25
½ kg kaffe	7 50
fiken	1 65
2 boller	9 00
	84 00

Nils Sunds trykkeri

Etter 30 dager beregnes renter.

LØHAUG-TRENINGA

«Du er flink, Olav». Slik starta det.
Ein dag i oktober kom Olav Svendsen forbi heimen min i Nernesvegen 25, joggande i fin stil. Han takka, men syns det gjekk for seint. Vel, då får me starta med felles intervall-trening. Det gjere bra for farten, svarte eg.

Så vart det litt førebuing, og lapp i postkassane. Alle var velkomne til felles tur, eller trening. Intervall-trening med utgangspunkt på Løhaugen der Olav Svendsen bur. «Hålands-trimmen» vart det kalla fyrste gongen. Og fyrste gongen var 27. oktober 2018.

Berre éin gong har det vore avlyst sidan då. Då var det 12 minusgradar og mest klink is på vegen.

Sigrid Øvernes

Aller fyrste gongen kom det … med Sigrid Øvernes 97 år i spissen. Pionerane var:

For dei som vil ha intervall-trening er det oppvarming frå Løhaugen og til endes på gangvegen langs E-134, og attende. Derifrå 500 m fortare til neste vegvesen-skilt nedom Knutemann Øvernes. Så pause på 1 til 2 minutt og ned att. Så tar ein så mange ein vil etter behov.

Magne Berge og Rune Svendsen bankers!
Etter om lag eit år kom Magne Berge frå Steine og Rune Svendsen (Olav sin nevø) frå Skånevik. Dei har vore utruleg trufaste – og fått sportsleg utbytte av det. Og vore med på å byggja opp det fine miljøet me har no.

Odd Gunnar Nilsen med hytte på Kyrping Camping, har òg vore med relativt ofte. Elles kan me nemna at bror til Rune, Bjørn Ivar har vore med ein god del når han er på Skåneviks-visitt frå Stavanger, der han bur.

I 2021 foreslo Rune at me skulle ha motbakke-intervall éin av laurdagane. I fleire månader var det på den vakre, grusa Tungesvik-vegen. Etter kvart flytte me over på Gamlevegen mot Torbjødnslåtto, der

«Bergprisen» på Langs Åkrafjorden er. Her er det asfalt og lettare å få god effekt av treninga. Det er fyrste laurdag i kvar månad.

Plass til fleire…
Viss dei jentene som driv og springe hadde kome og sett på, ville dei med éin gong sett at dei hadde ikkje dumma eg ut…. For mellom Magne & Rune og ned til Gisle er det rikeleg space.

Men her er òg kjekt om det kjem folk som vil gå tur òg, slik det var i starten.

Turgåarar og trimmarar er òg med på å byggja trivnad i grenda.
Laurdag kl 10.30 og utover.

Rune Svendsen har stadig framgong på lengre løp.
Truleg er ”Løhaugtreninga” ein del av årsaka, og kontinuitet over tid, som Erling Askeland (tidlegare landslagstrenar) uttrykkjer det.

Tekst og foto: Gisle Sellevold

Svar på julenøtter: 1. Smultring 2. Kakemann 3. Peparkaker 4. Lutefisk 5. Svineribbe 6. Julegran 7. Krumkake 8. Fjøsnissen 9. Vintersolverv

Den nye «normalen»

Ja nå har me levd med covid-19 pandemi i snart 1 år og 9 månader! Det har svinga litt opp og ned med smittetrykk, her på Haugalandet fekk me ei oppblomstring no i oktober. Kanskje det vart litt for fristande å trø til for fullt då landet åpna opp att?

Her i Etne fekk me no smitten inn på omsorgssenteret, og har hatt eit dødsfall som følgje av det. Men det ser ut som dei andre smitta der skal klara seg bra.

Dette blir nok eit virus me lyt venja oss til å leva med, men avaksinasjon vil vera et godt hjelpemiddel. Kommunen er starta å gje 3 dose i så måte.

Og at folk var glade for at ting vart meir normale då landet opna kunne ein sjå på oppmøte på ulike arrangement. Det vere seg konsert, kino, underhaldning, bondemarknad, fotballkampar og andre idrettsarrangement.

Men me bør nok ta med oss dei gode vanane/reglane vidare, håndvask, spriting, avstand, munnbind om det trengst, halde seg heime ved luftvegssjukdom, teste seg ved mistanke om smitte. Her kan ein ikkje berre tenke på seg sjølv, men vera solidarisk med tanke på svakare grupper.

Ei anna sak som har stått i fokus i haust er dei høge straumprisane! Men dette kjem visst også til å bli den nye normalen! Ikkje lett å forstå alt det som skjer på kraftmarknadsfronten, nei!

Og begrep som det grøne skifte, klimaendringar og bærekraft er me og blitt godt kjende med etter kvart. Det er vel liten tvil om at me ikkje kan fortsetje dette forbruket vårt på mange område om kommande generasjonar skal kunne ha eit godt liv også. I et intervju på radio snakka dei med ein arbeidar på ein miljøstasjon på austlandet som fortalde at dei etter jula fekk inn julegåver med både papir og band på som altså skulle rett i søpla, slik kan me ikkje ha det!

Så kanskje nyttårsforsettet i år bør bli at me alle skjerpar oss og bidrar der me kan til eit bærekraftig samfunn for alle?

Ikkje gå amok i julegåvekjøp (husk straumrekninga som kjem utover vinteren).

Ta vare på tinga dine (så dei ikkje blir knapt brukt og kasta)

Kjøp inn julemat i rett mengde (så du slepp å kaste god mat)



Og ellers, kos deg og ha ei god og hyggeleg julehelg!! Tekst: Gunnbjørg Ljusnes

Langs Åkrafjorden

Deler av arrangør staben; Fredrik Samland og Bjarne Ljusnes

For 19. gang var det løp langs Åkrafjorden. Årets løp var perfekt på alle måtar. Vindfritt, og passe fin løpstemperatur som steig i takt med sola som kom lengre og lengre innover langs fjorden.

Tom Erik Karlsen som spring for Ølen VGS – Idrettsfag, tok tidleg leiinga. På toppen låg han over minuttet framanfor dei neste løparane. Forspranget berre auka nedover, og i mål var han 5 min før Ola Odland (Stord) og Stian Haugland (Ølen).

Det var omtrent likt i kvinneklassen, der Maryna Novik frå arrangørklubben, leda med eit minutt på toppen. Annette Velde Sande (Haugesund (spring for BFG Bergen Løpeklubb)) og Mariann Vevatne (Etne) låg likt på toppen, men Annette drog frå nedover bakkane. Mariann klarte å halda plassen sin heilt til mål, og sikra seg 3. plass.

Johannes Selvik Tornes 24, Åsmund Norheim 11, Åge Mikael Hjellestad 21, Tor Olsen 27.

Det vart utkjempa mange personlege knivingar langs løypa, der treningskompisar og gamle tider skulle slåast. Svært mange reiste heim med ein god følelse av å ha vunne sin kamp, sidan dei strålte i kapp med sola.

Premiepallen kvinner: Annette Velde Sande, Maryna Novik og Mariann Vevatne.

Spenninga steig fort når den gode speakeren, John Karsten Hustveit skal dela ut premiar og gåvekort.

Dei heldige i år var Åse Berge og Alfred Natterøy-Sævareid som vann 1000,- kr kvar. Gåvekortet på 3000,- gjekk til Gjertrud Jøsendal Tvedt, medan gåvekort på hyttehelg på Kyrping Camping gjekk til Odd Inge Tvedt i Røldal.

Foto og tekst av Olav Samland, frå artikkel i Kondis, 22. august 2021

Vinstliste Frette-basaren

Basar Frette 29.10. 2021

Vinst Kva: Loddnummer: Kven:
1. Raud barnegensar 1831 Sigrid Henriksen
2. Vidunderduk, burgunder 810 Jorunn og Terje Søyland
3. Tursekk, Etne Sparebank 1389 Solveig Lillian Lundal
4. Svart jakke 2074 Svein Helge Bergfjord
5 Raude duk 251 Emma Ljusnes Jensen
6. Barne-kittel 1755 Birgit Tjelle
7. Burgunder løpar 897 Elida Ljusnes Jensen
8. Grå Lubbar 124 Erik Samland Tendal
9. Lubbar, 1025 Ingeborg Oppistov
10. Reinsdyr sitjeunderlag 1423 Randi Solberg Myge
11. Eplekake m/krem 1194 Wenche Eikemo
12. Skinn 358 Elin Grøstad Kristiansen
13. Treningsdress 1517 Espen og Thalitha Stenhaug
14. Skinn av boergeit 1303 Åge Martin Sævareid
15. Grått teppe 1819 Fam Lindevik Håvik
16. Sokkar + caps 1803 Elise Kristine Bergfjord
17. Burgunder løpar 1866 Marie Gloppen
18. Burgunder løpar 676 Audhild Gundegjerde Sævareid
19. Skinn 2031 Sebastian Sævareid
20. Rabinowitz 1111 Alf Harald Østrem
21. 2 bamser 2060 Alfred Natterøy-Sævareid
22. Bamse 174 Gurine og Jon Magnar Jensen
23. Helt Steen 1827 Trygve Gunnar Henriksen
24. Byen Vår 1580 Annemor Røssland
25. Kakeform 746 Margret Lindevik Arnestad
26. Pute 127 Erik Samland Tendal
27. Duk 1773 Åge Martin Sævareid
28 Egg frå Vinja 1934 Randi Frette
29. Kaffitrakter 1885 Bjørg og Leif Halleland
30. Stettfat 966 Jorunn og Johannes Markhus
31. Fruktkorg 1955 Maria og morfar
32. Bilde 377 Harald Måge
33. Dokke 572 Marit og Birger Håvik

Flyplassmila

Flyplassmila er ei rundløype på rullebanen til Stord Lufthavn, Sørstokken. Den er populært kalla «verdas raskaste løypetrasé» og er ei heilt flat løype. Rundturen rundt flyplassen er 2,5km og har bare 7 meter i høgdeforskjell. Så rimeleg flatt kan ei seie.

Foto: skjermdump fra arrangørens streaming

Også Flyplassmila vart utsett for Korona restriksjonane dette året, men laurdag 23. oktober blei den endeleg gjennomført. Både for herrar og damer blei det heimesiger til arrangøren Stord Friidrett, vinnar av herreklassen vart Tom Erling Kårbø og blant damene vant Pernilla Epland.

Foto frå Stordlufthamn

Til start på årets arrangement stilte det 6 spreke Klypetussar. Olav Samland deltok på 5km og kom i mål på 24:06. Dei andre sprang 10km og desse var Nils Saltnes 42:31, Gisle Sellevold 1:04:56, Sindre Ekornrud 39:00, Leif Arne Flåte 45:05 og Bård Johansen 43:43.

HAUGALAND KRAFT

MOWI

ETNE SPAREBANK

- med heile vegen

Kyrping Kro &
Bensinstasjon AS

Tlf 53 75 44 62

WWW.FACEBOOK.COM/
KYRPINGKROOGBENSINSTASJON/

SAMLAND MASKINSERVICE
5590 ETNE TLF: 984 31 906

ALFEE
DAME & HERREKLÆR

Grannar
Prøv Grannar sin eigen app!
Download on the App Store
ANDROID APP ON Google play

Åkrafjordtunet
FJORDKULTURSENTER

tungesvik BYGG

Sævareid maskin

Din leverandør av
VARMEPUMPER

LAUAREID
Service as

(Me har overtatt Vika Varmepumpeservice as)

tlf. 976 05 432/ 965 00 707 • epost: bjarte@lauareid.no

Panasonic varmepumper
TOSHIBA
MITSUBISHI ELECTRIC VARMEPUMPER

ETNE SAND & PUKK AS

Eivind Selland
Maskin
&
Anleggsservice

FRETTE BYGGSERVICE

EUROSKO
BAARDSEN

MØBELRINGEN

INTERFLORA
ETNE BLOMSTER
JORUNN OG JOANAS
BLOMSTERVERKSTED
ETNE SENTER, TLF 53756990

KVALITET OG KRATIVITET SIDAN 1994